

X-Traffic UB: Beste sosiale entreprenør



Odda vidaregåande skule

Ansvarleg lærar: Hilde Gjester Hoel

Mentor: Tori Grytli, Trygg Trafikk

2013/2014



Me har definert ei sosial utfordring som me vil løysa:

Me i X-Traffic UB er alle opptekne av trafikktryggleik. Det dør om lag 190 personar i trafikken i Noreg årleg. Mesteparten av dei er ungdom, og fleirtalet er gutar. Berre i Hordaland dør det 20 personar i trafikken kvart år. Mange av årsakene bak ulukker, er mangel på kunnskap og dårlege haldningar. Desse årsakene er noko me kan gjere noko med. Me vil vera med å skapa eit tryggare samfunn med færre drepne og skadde i trafikken. Nasjonale trafikkmyndigheiter arbeider mykje med trafikkopplæring og haldningsskapande arbeid, og trafikktryggleik er ei satsing i alle planar som handlar om trafikk. Mange vil løysa dette samfunnsproblemet, og me vil samarbeida med dei. Me vil utvikla eit tilbod som kan vera med på å løysa dette samfunnsproblemet på ein forretningsmessig måte.

Forretningside og visjon

X-Traffic UB tilbyr tenester innan trafikktryggleik. Kundane våre er Statens Vegvesen, Trygg Trafikk, kommunar, fylkeskommunar og andre aktørar på dette feltet.

For Fylkestrafikksikringsrådet i Hordaland har me fått eit oppdrag der me skal utvikla og selja ein modell for korleis ein kan arbeida med trafikktryggleik på ein vidaregåande skule. Denne modellen kan me seinare og selja vidare til andre fylkeskommunar. Me har og fått oppdrag frå både Odda kommune og Ullensvang herad, og ser at dette og kan gjerast for andre kommunar. Me vil setja spor etter oss, og redda liv. I første omgang skal me fokusera på ungdom, sidan desse er mest utsette i trafikken. 30 % av dei som årleg dør i trafikken i Noreg er i alderen 16-24 år. Det svarar til ca. to store skuleklassar. I tillegg er dette den vanlegaste dødsårsaken blant ungdom. Gjennom vårt arbeid med trafikktryggleik, vil me vere med å dekkje mangelen på fokus på trafikktryggleik i samfunnet.

Vår visjon er å vera med på å redusera talet på drepne og skadde i trafikken. Altfor mange dør årleg i trafikken i Noreg, noko me vil gjera noko med. Årsakene er ofte meiningslause, og me ser for oss eit samfunn utan personar som dør i trafikken fordi dei sjølve eller andre ikkje tenkjar nok på trafikktryggleik. Me har og teke til oss null-visjonen, som er ein visjon om null drepne og skadde i trafikken. Denne skal me retta vårt arbeid mot.

Våre konkurransefortrinn:

Me er ungdom, noko som gjer at me kan sjå saker frå andre synspunkt. Dei fleste som arbeidar med trafikktryggleik er vaksne. Desse greier ikkje alltid å nå ut til ungdom. Me veit betre korleis ungdom tenkjer, og kan betre finne løysingar for å betre haldningane ungdommar har til trafikktryggleik. Saman med ungdom kan me saman endra haldningane ungdom har, og gjere det «kult» å vere trygg i trafikken. Me samarbeider med tunge partnarar: Statens Vegvesen, Politiet, Hordaland Fylkeskommune og Trygg Trafikk. Mentoren vår Tori Grytli kjem frå leiarstilling i Trygg Trafikk sentralt.

Me er nyskapande:

Mange aktørar arbeidar med haldningsskapande arbeid innan trafikktryggleik. Me ser kanskje dette samfunnsproblemet på ein annan måte. Me involverer dei unge i arbeidet vårt. Gjennom til dømes kampanjen «For ung til å døy» får me fram haldningar til dei unge gjennom skrive-, film- og fotokonkurranse. Me får og fram nyttig informasjon frå undersøkingar me har hatt blant ungdom. Me koplar og opplæring om trafikktryggleik til fag i skulen. Difor meiner me at me arbeider med trafikksikring og haldningsskapande arbeid på ein nyskapande måte. Det me får fram, er produkta våre som vi seljer vidare til aktørar innan trafikktryggleik, som Trafikksikringsrådet i Hordaland, Statens vegvesen og Trygg Trafikk. Me nyttar og sosiale media i kommunikasjonen vår. Me har tru på at me kan påverka ungdoms haldning til trafikktryggleik og difor visa til sosial endring. Det fins ikkje nokon modell for korleis ein kan arbeida med trafikksikkerheit på vidaregåande skular. Difor er også prosjektet

vårt nyskapande i forhold til skuleverket. Det er og nyskapande at tunge aktørar på dette feltet samarbeider med ei ungdomsbedrift. At me til dømes nyttar russen som gode rollemodellar, til å vera refleksruss og spreia gode haldningar innan trafikksikkerheit er og nyskapande innan marknadsføring.

Vår aldersgruppe er den aldersgruppa som er mest utsett i trafikken. Det er ingen andre som jobbar med trafikktryggleik retta berre mot ungdom, sjølv om det er denne aldersgruppa det bør vere mest fokus på. Me er ungdom som skal jobba med ungdom. Saman med ungdom kan me endre haldningane ungdom har.

Me tener pengar

Me har ingen oppstartskostnadar. Kostnadene våre er til aktivitetar, løn (kr 20 000), reiser og marknadsføring. Me har fått oppdrag og inntekter hittil på kr 60 800, herav kr 25 000 frå Fylkestrafikksikringsrådet i Hordaland. Driftsresultatet vårt er på kr 15 252. Dette viser at me er ei lønsam bedrift. Dersom eit menneske vert berga frå død i trafikken, sparar samfunnet 26 mill. Det er summen Finansdepartementet er villig til å investere i for å unngå tap av eit menneskeliv. Klarer me med vår bedrift å spara menneskeliv, er og verksemda samfunnsøkonomisk lønnsam. Me kan visa til sosial endring og økonomisk bærekraft.

Me skapar begeistring

Me veit at me når fram til ungdom, som til dømes då me viste ein sterk film med ekte bilete frå trafikkulykker på skulen for alle elevar. Filmen kan du finna her:

<http://www.youtube.com/watch?v=RO9Y6R2hvnM>. Resultat av undersøkingane våre, som til dømes at 30 % har sete på med folk som har kjørt i rusa tilstand, vekkjer oppsikt. Det same gjer tekstar, bilete og filmar frå konkurransen vår «For ung til å døy». Under eit stort arrangement på skulen nyleg kåra juryen frå Trygg Trafikk, Politiet og Vegvesenet vinnarar her og delte ut prisar. Under arrangementet hadde me og invitert foreldra til ein tidlegare elev, for å fortelje historia om då sonen døyde i ei trafikkulukke. Dette er det mest verknadsfulle me har gjort.

Me har elles vore på NRK Hordaland, på Radio Folgefonn, fått presseomtale på heimesida til Hordaland Fylkeskommune og fleire oppslag i Hardanger Folkeblad. Me har nådd ut til ungdom på arrangement, i klassar og for foreldre på ungdomsskulen og vidaregåande. På refleksdagen var me og rundt i barnehagar og på barneskular. Ungdomsskuleelevar har me intervju personleg for å få fram haldningar. Me skal og halda innlegg på ein stor NHO konferanse.

Me arbeider heile tida for å få ut budskapet vår og skapa interesse og begeistring. Alle samarbeidspartnarane våre er glade for de me gjer, og det er også foreldre.

Me er og opptekne av korleis dei arbeider med trafikktryggleik i andre land. Me er med i Social Enterprise Program, og vil læra meir om sosialt entreprenørskap i Europa. Me vil og knytta nærmare kontakt med eit prosjekt i Uganda, der jenter vil skapa sin «draumeskule» i entreprenørskap. 08.03.14 fekk me møta Statsminister Erna Solberg. Ho var veldig begeistra for vårt arbeid: «Det er helt riktig at ungdom skal jobbe med holdningene ungdom har til trafikksikkerhet». Me gler oss til å ta prosjektet vårt ut nasjonalt og til NM.

